
Saksnr: 2020/79109-18
Saksbehandlar Marianne Ose Askvik
Dato: 16.09.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering

Kunstnarleg utsmykking av det nye fylkeshuset i Bergen

08.09.21 var det i møtet til Hovudutval for kultur, idrett og integrering stilt spørsmål om budsjettet for kunstnarleg utsmykking av det nye fylkeshuset og om denne summen var 1,2 % av entreprisekostnaden, slik vedteke regelverk viser til.

Avdelingsdirektør kan svare med at det opphavleg var budsjettert med 538 000 000 kroner i totalentreprisen for det nye fylkeshuset i Bergen. Dette vart seinare justert opp 50 000 000 kroner grunna meirkostnader knytt til riving av betong av det gamle fylkeshuset. Kostnader til kunstprosjektet har med dette ikkje vorte oppjustert då sjølve byggekostnadane ikkje har endra seg.

1,2 % av opphavlege budsjetterte totalentreprise er 6 456 000 kroner. Kunstbudsjettet har blitt justert opp til ei heil sum på 6 500 000 kroner. Denne summen inkluderer også bygningsmessige tilpassingar tilrettelagt for kunsten.

Rivekostnadene knytt til det gamle fylkeshuset på same tomt er ikkje ein del av sjølve byggeprosjektet og har difor ikkje vore lagt til grunn for budsjettet til kunstnarleg utsmykking.